

Abstrakt: Åpen arena 14.-16.januar 2014

Tittel: Arbeidsretta rehabilitering for overvektige (ARRO)

Forfattar: Anita Dyb Linge prosjektleiar, Muritunet, Valldal

Medforfattar: Regionalt Senter for Sjuklig Overvekt (RSSO) ved St.Olavs Hopsital
(Lagar rapport på datamaterialet innsamla frå deltakarane i prosjektet)

ARRO er eit metodeutviklingsprosjekt som har til hensikt å utvikle metodar og modellar for arbeidsretta rehabilitering for menneskjer med overvekt. 4 årigt prosjekt i regi av Nav med oppstart i 2010. Deltakarane får oppfølging i 1 år fordelt på 2 fasar.

Todelt målsetting

1. Behalde, kome attende til eller finne nytt arbeid.
2. Utvikling av prosedyrar for tverrfagleg samarbeid lokalt. (Nav, lege, arb.givar, kommunar ev andre partar)

Datainnsamling ved baseline, 4 og 12 månadar. Pilotstudie av prospektiv, eksplorerande karakter med primærhensikt å undersøkje om helsemessige variablar endrast i perioden deltakar deltek i rehabiliteringsprogrammet. Ikkje eit kontrollert studie og ein kan ikkje trekke slutning om kausalforhold mellom intervensjon og observasjonar.

Pr august 2013 har vi 12 mnd data på 217 deltakarar av totalt 405. Meir data i desember 2013, ca 331. Oppnår følgjande resultat på 12 mnd:

1. Høg tilbakeføringsgrad, ca 70 % heilt eller delvis tilbake til arbeid
2. Deltakarane har i snitt vektreduksjon på 7 kg
3. Mental og fysisk helse blir betre jf SF 36
4. Angst og depresjon reduserast blant deltakarane (HADS)

Vi ser at utbetalingar frå Nav går ned, samstundes som bruken av helsetenester der i blant spesialiserte helsetenester blir mindre. Problemstillinga i dag er at tilbodet til målgruppa er lite, samstundes som målgruppa aukar både i antall og i storleik.